

# Eksamen

03.06.2020

LGA2002 Forvaltning og drift / Forvaltning og drift

**Programområde:** Landbruk- og gartnarnæring

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

|                                  |   |
|----------------------------------|---|
| <b>Eksamenstid</b>               | Eksamen varer i 4 timar.  |
| <b>Hjelpemiddel</b>              | Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.   |
| <b>Bruk av kjelder</b>           | <p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>   |
| <b>Informasjon om vurderinga</b> | <p>I denne oppgåva blir det lagt vekt på at du kan:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• gjengje viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap</li><li>• forklare korleis noko heng saman, gjere greie for løysingar</li><li>• bruke kunnskap/teori</li><li>• vurdere ein situasjon, setje løysingar opp mot kvarandre (drøfte)</li><li>• analysere deg fram til løysingar, grunngje val du gjer</li><li>• gjere greie for konsekvensar av vala dine osv.</li></ul> <p>Den endelege vurderinga av eksamenssvaret skal vere ei heilskapleg vurdering av den samla presentasjonen din.</p> |

## Case for oppgåva:

Liv og Ole driv ein gard med mjølkeproduksjon. Dei har tre born 14, 15 og 17 år gamle. Begge jobbar på garden og har ikkje jobb utanom.

Garden har følgjande ressursar:

- 300 dekar fulldyrka jord
- 70 dekar innmarksbeite
- 3000 dekar utmark. Av utmarka er 700 dekar produktiv skog. I tillegg er det fleire fiskevatn, nokre på fjellet, og det er òg ei elv som slynger seg gjennom eit myrområde.
- Det er bra jaktterreng for småvilt og storvilt.
- Driftsbygning for 25 melkekyr med påsett. Oksar sel dei som kalv.
- Dei har òg eit lite og gammalt sauefjøs med 30 vinterfôra sau.

Reiskapshus og busteghus er i bra stand.

Kvar garden ligg i Norge, og opplysningar du elles treng for å løyse oppgåvene nedanfor, må du forutsette sjølv.

Liv og Ole ønskjer i tillegg å utvikle andre næringar på garden for å sikre at begge kan ha arbeid der òg i framtida, og kanskje nokre av borna i tillegg.

## Oppgåve 1

For å greie ut moglegheitane treng Liv og Ole å greie ut ressursgrunnlaget på garden. Vel 3 naturtypar frå garden.

- a) Beskriv kort dei 3 ulike naturtypane med typiske kjenneteikn.
- b) Vurder moglegheiten for næringsdrift i ein av desse naturtypane.
- c) Gje eksempel på korleis næringsutøvinga i b) påverkar det biologiske mangfaldet.

## Oppgåve 2

Her kan du ta utgangspunkt i produkt frå oppgåve 1 eller gje andre eksempel.

- a) Gje fleire eksempel på krav kundar stiller til produktutval og kvalitet i landbruk eller gartnarnæring.
- b) Forklar forskjellen på objektiv og subjektiv kvalitet og gje eksempel.

### **Oppgave 3**

Liv ønsker å vidareutvikle eitt av produkta som er skildra i oppgave 1 og/eller oppgave 2. For å få støtte til dette planlegg ho å starte si eiga bedrift.

- a) Forklar føremålet med ein forretningsplan og kva den skal innehalde.
- b) Gjer greie for gongen i ei bedriftsetablering.

### **Oppgave 4**

Liv og Ole ønsker å forbetre økonomien i den ordinære jordbruksdrifta på garden.

Korleis kan

- a) Rekneskap
- b) Dekningsbidrag
- c) Økonomisk oversikt

brukt i dette arbeidet?

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

|                                   |   |
|-----------------------------------|---|
| <b>Eksamenstid</b>                | Eksamen varer i 4 timer.  |
| <b>Hjelpemidler</b>               | Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.  |
| <b>Bruk av kilder</b>             | <p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>   |
| <b>Informasjon om vurderingen</b> | <p>I denne oppgaven blir det lagt vekt på at du kan:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• gjengi viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap</li><li>• forklare hvordan noe henger sammen, gjøre rede for løsninger</li><li>• anvende kunnskap/teori</li><li>• vurdere en situasjon, sette løsninger opp mot hverandre (drøfte),</li><li>• analysere deg fram til løsninger, begrunne valg du gjør</li><li>• gjøre rede for konsekvenser av valgene dine osv.</li></ul> <p>Den endelige vurderingen av besvarelsen skal være en helhetlig vurdering av den samlede presentasjonen din.</p> |

## Case for oppgaven:

Liv og Ole driver en gård med melkeproduksjon. De har tre barn 14, 15 og 17 år gamle. Begge jobber på gården og har ikke jobb utenom.

Gården har følgende ressurser:

- 300 dekar fulldyrket jord
- 70 dekar innmarksbeite
- 3000 dekar utmark. Av utmarka er 700 dekar produktiv skog. I tillegg er det flere fiskevann, noen på fjellet, og det er også en elv som slynger seg gjennom et myrområde.
- Det er bra jaktterreng for småvilt og storvilt.
- Driftsbygning for 25 melkekyr med påsett. Okser selger de som kalv.
- De har også en liten og gammel sauefjøs med 30 vinterfôra sau

Redskapshus og bolighus er i bra stand.

Hvor gården ligger i Norge, og øvrige opplysninger du trenger for å løse oppgavene nedenfor, må du forutsette selv.

Liv og Ole ønsker i tillegg å utvikle andre næringer på gården for å sikre at begge kan ha arbeid der også i framtida, og kanskje noen av barna i tillegg.

## Oppgave 1

For å utrede mulighetene trenger Liv og Ole å utrede ressursgrunnlaget på gården. Velg 3 naturtyper fra gården.

- a. Beskriv kort de 3 ulike naturtypene med typiske kjennetegn.
- b. Vurder muligheten for næringsdrift i en av disse naturtypene.
- c. Gi eksempler på hvordan næringsutøvelsen i b) påvirker det biologiske mangfoldet.

## Oppgave 2

Her kan du ta utgangspunkt i produkter fra oppgave 1 eller gi andre eksempler.

- a. Gi flere eksempler på krav kunder stiller til produktutvalg og kvalitet i landbruk eller gartneri.
- b. Forklar forskjellen på objektiv og subjektiv kvalitet og gi eksempler.

### Oppgave 3

Liv ønsker å videreutvikle ett av produktene beskrevet i oppgave 1 og/eller oppgave 2. For å få støtte til dette planlegger hun å starte sin egen bedrift.

- a. Forklar hensikten med en forretningsplan og hva den skal inneholde.
- b. Gjør rede for gangen i en bedriftsetablering.

### Oppgave 4

Liv og Ole ønsker å forbedre økonomien i den ordinære jordbruksdriften på gården.

Hvordan kan

- a. Regnskap
- b. Dekningsbidrag
- c. Økonomisk oversikt

brukes i dette arbeidet?



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)